

## Ungdommen møtte våre nye landsmenn.

05.02.2020



Uskedelingsane Amalie H. Rød og Mahmoud Mohammed syntest det var både kjekt og lærerikt på snakkekafeen. Dei to andre er frå Valen og Rosendal og er heilt einige!

**- Dette var så bra at vi kan godt gjere det kvar veke, sa ein smilande Mahmoud Mohammed, opprinneleg frå Syria, men no busett på Stølen i Uskedalen etter at han hadde vore på snakkekafe saman med elevar på Kvinnherad vidaregåande skule. Og det var ikkje berre Mahmoud som var fornøgd. Det galt alle deltakarane!**



Praten gjekk livleg og humorfylt rundt borda. Til venstre i bildet ser vi m.a. Thea Soltveit Taranger.

Snakkekafèen kom i stand etter eit initiativ frå lærarane Mari Teigen Varanes og Anette Agledal Gregersen som begge underviser i sosialfag på Kvinnherad vidaregåande skule. Både elevar og tilsette ved Integreiring og opplæring sette stor pris på invitasjonen, og 22 elevar derfå møtte til dette spennande opplegget.

Snakkestunda vart delt i to økter med Vg3-elevar i første del og Vg2-elevar etterpå. Til saman var det ca. 50 elevar frå Kvv. Opplegget var at elevane var fordelt på smågrupper med fin fordeling av norske ungdommar og nye landsmenn frå ulike land på kvar gruppe. Midt i kvar økt var det rotering i gruppesamansetjing.

Praten gjekk godt rundt borda, smila sat laust og alle lærte noko nytt. Dei var innom mange ulike tema, og innimellom praten kosa dei seg med saft, te og kjeks. Stemninga var svært god. I oppsummeringa etterpå var det tett mellom positive tilbakemeldingar både frå vidaregåande-elevane og frå dei som får norskopplæring. Her fekk dei kjennskap til andre sin kultur og liv, og dei fekk høyra om andre sine utfordringar både som innvandrar og som ungdom. Dette var noko dei ønskte meir av!



Martin H. Arnesen snakkar her med Goufran frå Syria og Herøysundet, Rabi frå Filippinene og Omvikdalen og to klassevenninner frå Husnes.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland